

Senter for Jon Fosse

Strandebarm

BEGRENSET PLAN- OG DESIGNKONKURRANSE I TO TRINN



Konkurransesprogram

Oppdatert:

29.04.2026

Innhald

Innleiing	4
1 Forventningar til prosjektet.....	4
2 Kort om konkurransen.....	4
3 Bakgrunn.....	5
3.1 Kort om Jon Fosse	5
3.2 Kort om Fossestiftinga	5
3.3 Hovudelementa i Fossesenteret	6
4 Orientering om prosjektet	7
4.1 Mål for prosjektet	7
4.2 Prosjektorganisasjon	8
4.3 Tomta på Tangerås og føresetnader på staden.....	8
4.4 Klima- og miljøomsyn	13
4.5 Fleksibilitet	13
4.6 Universell utforming.....	13
4.7 Drift, vedlikehold og energibruk.....	14
5 Om rom- og funksjonsprogrammet.....	14
6 Om konkurransen	16
6.1 Framdriftsplan for konkurransen	16
6.2 Krav til innlevert materiale og konkurransereglar	17
6.3 Tomtesynfaring	17
6.4 Oppstartsseminar	17
6.5 Berekraft/miljøkrav i prekvalifiseringa (trinn1).....	17
6.6 Berekraft/miljøkrav i plan- og designkonkurransen (trinn 2)	18
7 Krav til innlevert materiale.....	18
7.1 Vurderingskriteria.....	20
7.2 Juryen si samansetjing og mandat.....	21
8 Konkurransetekniske føresegner	21
Kvalifikasjonskrav og deltakarrett	22
Konkurransen si hovudsida	22

Innlevering.....	22
Påmelding/registrering.....	22
Spørsmål til konkurranseprogram og vedlegg.....	22
Anonymitet i konkurransen trinn 1 og trinn 2	22
Konkurransesfunksjonær.....	23
Namnesetel.....	23
Etiske retningslinjer for konkurransen	23
Språk.....	23
Offentleggjering og utstilling/publisering.....	24
Juryens rapport	24
Oppdrag etter konkurransen	24
Opphavsrett, eideomsrett og nytterett	24
Godkjenning og ansvar for utforminga av konkurranseprogrammet.....	25
Avlysing av konkurransen	25
Forsikring	25
Vedlegg til konkurransen.....	25

Innleiing

Jon Fosse er ein verdsforfattar, omsett til meir enn sytti språk. Fosse fekk Nobels litteraturpris i 2023 for «nyskapande dramatik og prosa som gjev stemme til det useielege», heiter det i Svenska Akademiens grunngjeving.

No er planen å byggja eit senter for formidling av Jon Fosse sin forfattarskap. Det nye senteret skal byggjast på Tangerås i Strandebarm, som er staden der Jon Fosse vaks opp. Fosse har uttalt at landskapet her er det «inste» landskapet hans, og det kan kjennast att mange stader i kunstnarskapen hans. Staden Strandebarm er sentral for forståing og formidling av kunstnarskapen hans.

1 Forventningar til prosjektet

Senter for nobelprisvinnar Jon Fosse skal ta vare på og fremja det sterke bandet mellom Fosse sin kunst, nynorsk språk og landskapet i Strandebarm. Senteret skal gje rom for nye kulturuttrykk som skal vekka merksemd både nasjonalt og internasjonalt. Verda skal høyra klangen frå Strandebarm.

Senteret for Jon Fosse sin kunstnarskap skal gjennom utstillingar og arrangement løfta fram ein stor og viktig kunstnar og medverka til at interessa for Fosse aukar og held seg høg. Her skal besøkande få oppleva scenekunst, musikk og teater, og dei skal få sjå utstillingar som på ulike vis kastar lys over Jon Fosse sin kunstnarskap. Her skal også finnast rom for stille refleksjon og ettertanke med utsyn til fjorden. Her skal alle få kjennskap til Jon Fosse som forfattar, lyrikar og dramatikar.

Andre forfattarar skal kunna få skriveopphald her, og fagfolk frå teater- og litteraturfeltet likeins ha arbeidsopphald.

Det nye formidlingsbygget skal ha ei arkitektonisk utforming av høg kvalitet som i samspel med landskapet skal reflektera Jon Fosse sin kunstnarskap. Senteret skal formidla kunst som loddar djupt og styrka eit rikt og mangfaldig kulturliv, der nynorsk litteratur og scenekunst får synleg plass.

2 Kort om konkurransen

Fossestiftinga inviterer til ein plan- og designkonkurransen om nytt formidlingsbygg for Jon Fosse. Plan- og designkonkurransen er open for arkitektar og landskapsarkitektar med godkjent eksamen tilsvarande master, eller personar og firma som kan dokumentera tilsvarande kompetanse. Sjå meir om dette under «Kvalifikasjonskrav og rett til deltaking». Plan- og designkonkurransen startar med ei innleiande prekvalifisering som er open, der det skal leverast ei «Konseptskisse for Fosse-senteret». (Opptil 3 stk A3 sider. Anonymt). I prekvalifiseringsdelen av plan- og designkonkurransen, vil utveljingskomitéen/juryen velja ut inntil 3 skisseforslag som går vidare til plan- og designkonkurransen.

I plan- og designkonkurransen vil dei 3 deltakarane få kr. 350 000 eks mva i honorar per team for eit fullutvikla konkurranseprosjekt. Utveljinga av dei 3 skisseforslaga og evaluering av dei vidareutvikla forslaga i plan- og designkonkurransen vil bli gjort av den same juryen.

Anonymitetsprinsippet vert ivareteke både i prekvalifiseringa og plan- og designkonkurransen.

Vinnaren blir invitert til ein konkurranse med forhandling for tildeling av tenestekontrakt. Sjå meir om dette i konkurransegrunnlaget. Norske arkitekters landsforbund (NAL) utlyser denne plan- og designkonkurransen på vegner av Fossestiftinga.

Konkurransen startar med eit fagleg digitalt oppstartsseminar. Oppdragsgjevar kjem til å presentera konkurranseoppgåva og forventningane sine til prosjektet. Det vil vera høve til å stilla spørsmål til konkurranseprogrammet og konkurranseforma. Det vert arrangert ei felles tomtesyntfaring i samband med konkurransen dersom det vert meldt interesse for dette under det digitale oppstartsseminaret. Området er elles ope for allmenn ferdsel og de kan synfara området på eiga hand om de ynskjer det.

3 Bakgrunn

3.1 Kort om Jon Fosse

Jon Olav Fosse er fødd i Haugesund i 1959 og oppvaksen i Strandebarm. Han gjekk barne- og ungdomsskule i Strandebarm, så tok han Øystese gymnas, før han utdanna seg i sosiologi, filosofi og hovudfag i litteraturvitskap ved Universitetet i Bergen, der han vart cand.philol. i 1987. I studietida arbeidde han mellom anna som journalist i Gula Tidend, og han var student då han slepte si første bok.

Han debuterte som forfattar med romanen «Raudt, svart» i 1983. Etter dette har han først og fremst vore forfattar, men innbakt litt anna nærliggande arbeid. Mellom anna underviste han på Skrivekunstakademiet i Bergen åra 1987-93, og var konsulent på Det Norske Samlaget, forlaget der han har utgjeve dei fleste av bøkene sine. Til no har han skriva over 70 verk, både romanar, forteljingar, dikt, essay, barnebøker og skodespel. Arbeida hans er omsette til meir enn 70 språk. Dramatikken hans er sett opp i kring 1000 teaterproduksjonar spreidd rundt heile kloden, og har vore oppført i alle europeiske land, mest i Tyskland og Frankrike. Han er den mest spelte norske dramatikaren etter Ibsen. Fosse har òg gjendikta både skodespel og skjønnlitterære bøker.

Jon Fosse har motteke ei lang rekkje prisar i tillegg til Nobelprisen, mellom anna Den internasjonale Ibsenprisen i 2010 og Nordisk råds litteraturpris i 2015. I 2001 vart han statsstipendiat, og i 2011 vart han tildelt Statens æresbustad Grotten, i Oslo. Han bur dels der, dels i Austerrike, og har fritidsbustad på Alver i Nordhordland. I 2015 vart han æresdoktor ved Universitetet i Bergen, i 2019 vart han æresprofessor ved det prestisjetunge Shanghai Theatre Academy og i 2024 fekk han Storkors av St. Olavs Orden.

3.2 Kort om Fossestiftinga

Det er Fossestiftinga som driv arbeidet med utvikling av Jon Fossesenteret. Stiftinga er ein liten, frivillig organisasjon, driven av eldsjeler med stor entusiasme og eksklusiv kompetanse i å driva Jon Fosse-formidling i Strandebarm.

Stiftinga har til føremål å formidla kultur i Strandebarm og nærliggjande område ved å fremja interessa for scenekunst og litteratur generelt, og særleg Jon Fosse sin forfatterskap. Stiftinga

har også som mål å reisa midlar til å etablera eit kulturhus på Tangerås i Strandebarm som skal fremja dei same føremåla.


Attåt sine ordinære aktivitetar, har stiftinga overteke Myra, barndomsheimen til Jon Fosse. Denne eigedomen, med to bustadhus, løe, naust og støl, vil vera ei viktig brikke i Jon Fosse-senteret.

Eit nytt formidlingsbygg skal byggja vidare på det arbeidet og dei arrangementa som Fossestiftinga har gjort. Fosse-dagane og Dialektfestivalen har vore sentrale arrangement, og slike festivalar vert viktige i framtida.

Det nye formidlingsbygget skal vera kjernen i Fosse-senteret. Bygget må utviklast med utgangspunkt i definerte mål, lokalt forankra, men med eit nasjonalt oppdrag.

3.3 Hovudelementa i Fossesenteret

1. Hovudarena for senteret vert det nye kultur- og formidlingsbygget på Tangerås
2. Barndomsheimen til Jon Fosse, Myra. I tunet ligg to bustadhus og ei løe.
3. Naustet som høyrer til barndomsheimen ligg ved sjøen rett nedanfor tunet og høyrer til ei tradisjonell naustrekkje.
4. Stølen Holsete ligg ca. 6 km ovanfor heimen.
5. På veg til stølen ligg ei utløe som Fossestiftinga også eig.
6. Bedehuset. Det tidlegare bedehuset er no Fossehuset. Fossestiftinga har mange av aktivitetane sine i dette huset.
7. Andre lokale stader. Fleire hus står om lag som då Jon Fosse budde i Strandebarm, og det finst fleire hus som med sin autentisitet har ei nær kopling til forfattaren. Særleg ungdomshuset Haugatun. Dette er stadig i bruk til ulike kulturarrangement.



4 Orientering om prosjektet

4.1 Mål for prosjektet

Eit nytt Fossesenter kan løfta fram korleis staden har forma forfattaren, og korleis forfattarskapen i sin tur gir staden ny mening. Med utgangspunkt i barndomsheimen, landskapet og fjorden kan senteret gjera Jon Fosse si verd tilgjengeleg. Eit senter med rom for scenekunst og litteratur vil vera ei dør inn i denne verda.

Konkurransprogrammet omhandlar det nye kultur- og scenebygget som skal vera hovudarena og samlingspunktet i Fossesenteret. Fossesenteret skal i tillegg til nytt kulturbygg, inkludera barndomsheimen med alle dei tilhøyrande bygningane og det tidlegare bedehuset, som i dag er Fossehuset. I det nye bygget skal litteratur og teater, scenekunst, musikk, litteraturvitskap og filosofi få rom. I møte mellom det lokale og det universelle, mellom det enkle og det djupe, mellom bygda ved fjorden og verdslitteraturen.

Internasjonalt er Jon Fosse mest kjend som dramatikar. Difor har teaterscenen fått ein viktig plass i prosjektet. Teateret er førande for utforminga av scene og sal. Prosjektet legg Riksteateret sin kravspesifikasjon til grunn for denne delen av prosjektet. Målet er at nybygget skal ha gode arenaer for scenekunst, teater og andre framsyningar, rom for fordjuping, formidling og samtale.

Bygget må vera fleksibelt slik at areal kan nyttast på ulike måtar til fleire ulike føremål. Her skal brukarar og besøkande få svar på spørsmål gjennom arrangement, utstillingar og dokumentasjonssenter.

Ein ønskjer å kjenna att tema frå Fosse sin kunstnarskap i prosjektet, både i arkitekturen og i uteromma, i samspel med landskapet, der lyset og utsynet blir ein del av opplevinga. Arkitekturen skal skapa rom for ettertanke og møte mellom natur og kultur. Fosse har global appell og skriv om universelle tema, men samstundes er det lokale i Strandebarm til stades i kunsten hans.

Fossesenteret skal føra vidare Fossestiftinga sitt grunnleggjande føremål: å fremja interesse for scenekunst og litteratur, leggja til rette for nyskaping og samhandling mellom kunstnarar, fagfolk og lokalsamfunn. Med forankring i Strandebarm skal senteret vera eit levande og framtidretta nasjonalt og internasjonalt kraftsenter for kunst og språk.

4.2 Prosjektorganisasjon

Det er Fossestiftinga som inviterer til arkitektkonkurransen i samarbeid med kommune, fylke og stat.

Fossestiftinga vil i samarbeid med Hardanger og Voss museum ha byggherrerolla i prosjektet, både i konkurransefasen og seinare i byggeperioden.

4.3 Tomta på Tangerås og føresetnader på staden



Tangerås i Strandebarm ligg på nordsida av Hardangerfjorden, Norgeskart.no

Landskapet

Hardangerfjorden er vid og open rundt Strandebarm. Strandebarmsbukta med Fossvågen er omkransa av grøne bakkar med ein gradvis og slak overgang til omkringliggende skogkledde åsar og dalføre, med kort avstand opp til snaufjellet over. Dei grøne bakkane dominerer arealbruken i området. Spreidd busetjing med små tun og kvitmåla våningshus, raude og okerfarga driftsbygningar og uthus, pregar landskapet.

Dette særpreget bør ein i størst mogleg grad ta vare på. For nye større tiltak er det difor naturleg å sjå til område og areal som allereie har ein annan karakter eller er utbygd. Tangerås framstår i dag som det mest utbygde området i Strandebarm.

Tomta på Tangerås

På den aktuelle tomte for konkurranseprosjektet står det i dag eit fråflytta skulebygg frå 1961. Bygget var nytta som ungdomsskule fram til 2009.

Fossestiftinga har i utgangspunktet vedteke riving av ungdomsskulebygget, men i konkurransen opnar ein også for mogleg transformasjon av eksisterande bygg, eller gjenbruk av deler av bygget eller konstruksjonar, om ein finn det formålstenleg.




Dei to tomtene gnr 121 bnr 52 og bnr 169 skal nyttast i konkurransen. Storleiken på ungdomsskuletomta er 6,7 da. Idrettsplasstomta med tilkomstvegen er 7,7 da. Tomtene har god

tilkomst med avkjørsel frå fylkesveg 576, den eksisterande avkjørselen skal nyttast. På tomteområdet skal det i tillegg til nytt formidlingsbygg etablerast eit attraktivt uteområde med parkeringsplassar til senteret.

Tomta har ei flott plassering i det store landskapsrommet, med vid utsikt mot fjorden. I retning mot nordaust er det direkte utsyn til Myra, barndomsheimen til Jon Fosse.



Gbnr 121/169 Ungdomsskuletomta



Gbnr 121/52 Idrettsplassen



Tomta sett frå syd, med fylkesvegen i framgrunnen

Planstatus


Tomtene er del av Sentrumsføremålet i gjeldande kommuneplan for Kvam.

I område for sentrumsformål er det tillate med tiltak for forretning, kontor, tenesteyting, bustad, hotell, parkering, samferdsle, parkanlegg, torg, leikeområde, anlegg for kollektivtrafikk og kai. Andre tilhøyrande sentrumsfunksjonar er og tillate (jf. pbl. § 11-9 nr. 5). Areal og anlegg skal vera tilgjengeleg for ålmenta.

Ref: [Kommuneplanen sin arealdel, 2019 - 2030 - Nettsider for Kvam herad](#)

Sentrumsføremålet i kommuneplanen overstyrer den gjeldande reguleringsplanen som er av eldre dato. Gjeldande reguleringsplan er frå 1976 ID 4622 19760006 - Bru_Tangerås.

Det ligg ikkje byggegrenser eller høgdekrav i sentrumsformålet i kommuneplanen. Generelt er byggegrensa langs fylkesvegen 30 meter.



Utsnitt frå kommuneplanen for Kvam herad (arealdelen 2019–2030)

Tilkomst

Skuletomtene har oversiktleg og god avkøyrslse frå fylkesvegen, her er også etablert stopp for offentleg kommunikasjon like nedanfor.

Avkøyrsla har gode siktforhold og plass til større køyretøy som lastebil og buss.

Skuletomtene ligg også tett på dei andre sentrumsfunksjonen på Tangerås. Eit nytt publikumsbygg her, vil såleis kunna styrka dei allereie etablerte funksjonane.

Infrastruktur

Til dei eksisterande skulebygga er det offentleg tilknytta vatn og kloakk dimensjonert for større bygg. Ein skal utnytte eksisterande infrastruktur så mykje som det let seg gjera.

Naturfare

Det er ikkje registrert naturfare. Tomtene ligg under marin grense, men på Tangerås er det fleire stader synleg berg i dagen, så her er ikkje forventa store samanhengande leirmassar. Eksisterande bygg ser ut til å vera fundamentert på fjell. Multiconsult har gjort ei

skredfarevurdering i området i 2023. Faresonekartet som dei har utarbeidd, viser ingen skredfare nær dei aktuelle tomtene.

Det er heller ikkje registrert aktsemdområder for flaum i området.

4.4 Klima- og miljøomsyn

Plan- og designkonkurransen blir gjennomført etter anskaffelsesforskrifta del 1 og del V. Vurderingskriteria i prekvalifisering og konkurranse er ikkje vekta eller prioriterte, jf. § 7-9.

Oppdragsgjevar legg til grunn at det er stilt klima- og miljøkrav til forslaga som bidreg til betre klima- og miljøeffekt, jf. § 7-9 (4). I ein plan- og designkonkurranse er det avgjerande å vurdere heilskapen i den arkitektoniske løysinga, der klima- og miljøomsyn inngår som ein integrert del saman med mellom anna stadskvalitet, funksjon, estetikk og lokalmiljø.

Konkurransen blir gjennomført tidleg i prosjektet, der dei overordna grepa har størst påverknad på klima og miljø. Det er derfor ikkje føremålstenleg å isolere klima- og miljøomsyn som eige kriterium, men å vurdere dette som ein del av den samla løysinga. Utvikling av gode, heilskaplege konsept med integrerte berekraftløysingar er avgjerande.

Krav til klima- og miljøomsyn er nærare omtala i kravspesifikasjonen og i kapitla «Berekraft/Miljøkrav i prekvalifisering» og «Berekraft/Miljøkrav i plan- og designkonkurransen». Samla vurdering av desse krava og dei arkitektoniske konsept skal sikre at anskaffinga bidreg til å redusere klimaavtrykk og miljøbelastning. Dette er bakgrunnen for at miljø ikkje er vekta med minimum 30 %.

Miljøkrava i prosjektet byggjer på følgjande kommunale grunnlagsdokument:

- Kommunedelplan for energi og klima 2020–2024
- Kommunedelplan for overvatn 2024–2033

4.5 Fleksibilitet

Oppdragsgjevar er opptatt av fleksibilitet og ønskjer eit bygg som lett kan tilpassast framtidige endringar i behov og bruksmønster. Fleksibilitet inkluderer også moglegheit for fleirbruk og sambruk av areal. Fleksible løysningar kan også vera variasjon i storleik og bruk av rom og soner. Oppdragsgjevar ønsker innspel på korleis denne fleksibiliteten kan løysast.

Bygget skal imøtekomma forventningar frå både norske og internasjonale besøkande, både enkeltvis og som større grupper.

4.6 Universell utforming

Prosjektet har som overordna mål at det nye bygget skal kunna nyttast av alle på ein likeverdig måte uansett funksjonsevne. Universell utforming skal vera ein heilskapleg og integrert del av alle arkitektoniske val og løysningar.

4.7 Drift, vedlikehold og energibruk

Bygget skal prosjekterast og utførast med tanke på å halda driftskostnader låge og leggja til rette for ukompliserte driftsforhold med lange vedlikehaldsintervall. Det skal leggjast vekt på energieffektivitet og varigheit med heilskaplege løysningar og komponentar som lett kan reparerast/erstattast. Driftsteknisk utstyr skal ha enkel tilkomst for inspeksjon og vedlikehald.

5 Om rom- og funksjonsprogrammet

Det nye kultur- og scenebygget skal vera hovudarena og samlingspunktet i Fossesenteret. Det skal vera eit inkluderande og ope bygg, tilgjengeleg for alle. Senteret skal reflektere Jon Fosse sin kunstnarskap med høg kvalitet og rom for ettertanke. Senteret skal by på gode stader å vera i samspel med landskapet. Det nye bygget skal vera ei dør inn til forfattaren sin barndomsheim, til staden og landskapet han vaks opp i og som har prega han.

Besøkande skal få innblikk i Jon Fosse som forfattar, lyrikar og dramatkar, og dei skal få sjå utstillingar som på ulike vis kaster lys over sider ved Jon Fosse sin kunstnarskap. Forfattarar skal kunne få skriveopphald, fagfolk frå teater- og litteraturfelta skal kunne ha arbeidsopphald. Her skal besøkande få oppleva teater og konsertar og annan scenekunst. Ein vil ha nære forfattarmøter, gode samtalar og debatt, og familie-arrangement for barn.

Målet er at senteret skal ha arenaer for framsyningar, seminar, residensopphald og formidlingsaktivitetar. Scenen, salen og dei andre arenaene skal vera fleksible, slik at dei kan stetta ei stor breidde i kulturuttrykk. Senteret vil knyta seg til produsentar av dramatikk, forfattarar og utøvarar med andre kunstnarlege uttrykk.

Bygget skal ha publikumsmottak, teaterscene og sal for 200 gjester, kafé, bibliotek, dokumentasjonssenter og kontor for tilsette, garderobeanlegg m.m.

Fossestiftinga arrangerer stemner og nasjonale festivalar knytt opp mot Jon Fosse sin litterære produksjon. Målet er at det nye bygget skal gje rom for eit større publikum, forenkla det praktiske arbeidet med slike arrangement og ikkje minst styrka breidde og variasjon i programtilbodet.

Fossedagane 2026 er eit døme på eit 3-dagars arrangement med foredrag, konsertar, poesi og teaterforestillingar i Strandebarm. Ref.:

<https://www.fossestiftinga.no/arrangement/fossedagane>

Følgjande funksjonar ønskjer ein seg i det nye kulturbygget på Tangerås:

1. Teaterscene og fleirbrukssal. Scena og salen bør kunne nyttast til mange føremål. Salen skal ha flatt golv og teleskopamfi med 200 seter. Scena skal tilfredsstillast Riksteateret sine krav. Til scena høyrer det lager, scenerigg, sceneinngang med tilkomst for lastebil og trinnfri tilkomst til scene, garderobar og opphaldsrom m.m. Kravspesifikasjonen til Riksteateret er førande for utforming av teaterscenen og dei tilhøyrande romma.

I arkitektkonkurransen vil ein kun vektlegga at overordna areal, volum og logistikk er i tråd med Riksteateret sin spesifikasjon, dei scenetekniske løysingane skal prosjekterast seinare.

2. Publikumsmottak, foajé, butikk. Ein ønskjer seg ein romsleg foaje med plass til fleire busslaster samtidig. Når bygget er ope skal vertskap alltid vera tilgjengeleg. Besøkande til Fossesenteret skal bli tekne imot av profesjonelle fagpersonar. Her skal vera plass for ein informasjonsdisk og besøksbutikk for sal av bøker, gåver, kunst og designartiklar. Frå foajeen skal ein ha direkte tilkomst vidare til formidlingsrom og til teatersal. I foajeen skal ha plass til heile publikum ståande før eit arrangement.

3. Kafé. I ein del av foajeen skal det vera kafe med enkel servering av varme og kalde rettar over disk. Til vanleg med 45 sitjeplassar. Ved større arrangement skal det vera mogleg å servera mat til 130. Kaféen bør ha nær tilgang til uteareal og moglegheit for uteservering.

Innanfor serveringsdisken må der vera eit profesjonelt kjøken med nødvendig soneinndeling for varm og kald mat, oppvask og lager og varemottak.

4. Utstillingsrom og mindre formidlingsrom. Det er mest aktuelt med formidling om Jon Fosse, men òg andre tema kan vera aktuelle. Fosse-stiftinga har ei kunstsamling knytta til Fosse, og det er aktuelt å arrangere temporære utstillingar. Ein kan også tenkja seg rom med mogleg digital formidling på ulike språk og med ulike tema.

5. Bibliotek. Eit bibliotek skal integrerast i bygget, med særleg hylleplass for litteratur av Jon Fosse og om Jon Fosse på ulike språk.

6. Stillerom med utsyn. Eit rom i bygget som kan nyttast til kontemplasjon, men òg til mindre - og enkle seremoniar. Rommet skal spegla religiøsitet og den djupe tenkinga i forfattarskapen. Rommet skal kunna nyttast uavhengig av religion eller konfesjon og vera inkluderande.

7. Dokumentasjonsenter. Eit arkiv for god og trygg lagring av dokumentasjon, gjenstandar, film, foto m.m. som er grunnlag for forskning og formidling både for senteret sine egne tilsette og for besøkande.

8. Arbeidsrom/kontor. Ein vil leggja til rette for 12 kontorarbeidsplassar, herunder 4-6 faste arbeidsplassar. Her skal også vera kontorplassar **for gjester og residentar** med fasilitetar som gjer det mogleg for gjester å vera i Strandebarm i kortare eller lengre periodar. I tillegg vil ein ha eit arrangementskontor med arbeidsplassar for periodisk bruk. Overnattingstilbod til residentar er ikkje del av konkurranseprosjektet, dette blir ordna andre stader.

10. Verkstad for tilsette og besøkande. Det kan vera aktuelt å ha verkstad for vaksne og born som eit aktivitetsrom for ulike kreativ og skapande verksemd.

11. Toalett og garderobe. Bygget skal ha gode og effektive fasilitetar som kan dekkja behovet for busslaster med besøkande. I tillegg skal sjølv sagt tilsette, artistar og utøvarar ha gode toalett og garderobeforhold.

Ein ønskjer seg at sentrale rom skal ha utsyn til fjorden og til Myra som er barndomsheimen til Jon Fosse. Ein ønskjer seg moglegheiter for å opna opp til nær uteplass og til uteområde med utsyn til fjorden og landskapet. Opplevinga av landskapet er viktig. Vidare ønskjer ein å få ein god samanheng med dei andre bygga og stadane som vil vera ein del av Fossesenteret.

Parkering må vera i nærleiken av hovudinngang. Det skal vera tilkomst for alle via eksisterande avkjørsel frå fylkesvegen. Varemottak og sceneinngang må skiljast frå publikumsinngangen.

Sjå vedlegg for detaljert rom- og funksjonsprogram med nettoareal for bygget.

6 Om konkurransen

6.1 Framdriftsplan for konkurransen

Oppdragsgjevar har lagt opp fylgjande tentative tidsplan. Det vert presisert at avvik kan førekoma undervegs i prosessen. Ver merksam på at oppdragsgjevar tek seg rett til å endra både milepælar og datoar.

TRINN 1	Dato/tid:
Utlysing av arkitektkonkurransen Fase 1	01.05.2026
Digitalt oppstartsseminar	11.05.2026, kl.12.00
Synfaring på tomta	22.05.2026, kl.12.00
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget	19.06.2026
Innleveringsfrist av trinn 1	03.07.2026, kl. 12.00
Juryering trinn 1	August, september 2026
Offentleggjering av kva konkurranseutkast som går vidare til trinn 2:	30.09.2026
TRINN 2	
Oppstart av konkurransen trinn 2:	30.09.2026
Frist for spørsmål til konkurransegrunnlaget:	13.11.2026
Innleveringsfrist av trinn 2	30.11.2026, kl. 12.00
Juryering trinn 2	Desember 2026
Offentleggjering av vinnar/premieutdeling	22.12.2026

6.2 Krav til innlevert materiale og konkurransereglar

Trinn 1:

Første trinn i konkurransen er ope for alle arkitektar med eksamen som sivilarkitekt/Master of Architecture eller tilsvarande.

Trinn 2:

Etter konkurransens trinn 1, vil juryen velja ut 3 utkast som går vidare til konkurransens trinn 2, som er ein avgrensa prosjektkonkurranse.

Arkitektane som går vidare til konkurransens trinn 2, skal dokumentera at dei har tilstrekkeleg kapasitet og erfaring for detaljprosjektering og SØK-rolle for prosjektet. Det blir høve til å gå saman med samarbeidspartnerar som utfyller eventuell manglande erfaring eller kvalifikasjon.

Honorar

Det vert ikkje betalt premie/honorar for deltaking i trinn 1, prekvalifiseringa. Arkitektar som vert valde til å gå vidare til avgrensa prosjektkonkurranse vil få eit honorar på kr. 350 000 eks. mva. per team for eit fullutvikla konkurranseprosjekt i trinn 2.

6.3 Tomtesynfaring

Det vert arrangert ei felles tomtesyntfaring i samband med konkurransen, onsdag 22.mai klokka 12.00. Interesserte arkitektar kan også synfara konkurransetomta når som helst på eiga hand. Området er offentleg tilgjengeleg.

6.4 Oppstartsseminar

Konkurransen startar med eit fagleg digitalt oppstartsseminar. Oppdragsgjevar kjem til å presentera sine forventningar til prosjektet. Det vil vera høve til å stilla spørsmål til konkurranseprogrammet og konkurranseforma.

Fullstendig program og lenke til seminaret kjem på Mercell.

Det krevst inga påmelding til det digitale oppstartsseminaret.

6.5 Berekraft/miljøkrav i prekvalifiseringa (trinn 1)

Kulturlandskapet i Strandebarm er viktig for å forstå Jon Fosse sin litteratur. Omsynet til dei kulturhistoriske verdiane i landskapet skal vera eit førande prinsipp for arbeidet, og eit nytt formidlingssenter må underordna seg desse verdiane. Det er viktig at senteret, om det er eit nybygg eller ombruk, set så lite avtrykk i urørt natur som mogleg.

I prekvalifiseringa skal det leverast eit konseptuelt planforslag med tilhøyrande skriftleg skildring av overordna berekraft/miljøkonsept. Framstillinga skal vera forståeleg og bør innehalda skildring av:

- Korleis det arkitektoniske konseptet er bestemt ut frå eit berekraftperspektiv (form, plassering, tilpassing til lokalklima og natur- og kulturlandskap)
- Korleis ein tek hand om den visuelle påverknaden eit nytt senter kan ha i fjordlandskapet
- Konsept for å redusere klimagassutslepp, arealeffektivitet og klimavenlege materialval

Skildringa skal vere kort og ha overskrifta «berekraft/miljøkonsept» i prosjektskildringa. Det er ikkje sett opp eit eige punkt med berekraft/miljøkonsept i evalueringskriteria då dette er tema i alle evalueringskriteria både prekvalifisering og plan- og designkonkurransen.

6.6 Berekraft/miljøkrav i plan - og designkonkurransen (trinn 2)

I plan- og designkonkurransen skal det leverast ei litt meir detaljert skildring av berekraft/miljøkonseptet. Det må sannsynleggjerast at ein kan nå miljøkrav i den vidare prosjekteringsfasen.

Ved val av material, konstruksjonsprinsipp og tekniske løysingar skal det leggjast vekt på lågt klimagassutslepp og lang levetid. Konkurransforslaget skal òg visa korleis arealdisponering og arkitektoniske grep gir arealeffektive løysingar.

Det skal leverast ein kort, skriftleg vurdering om mogeleg reduksjon av klimagassar for prosjektet for følgjande tema:

- Utslepp knytte til produksjon og handtering av bygget sine tilførte materialar
- Utslepp knytte til aktivitet på byggeplass
- Energibruk i drift

Oppdragsgjevar har fokus på gode miljø- og energiløysingar og på driftssikkerheit. Prosjektforslaget skal visa ei enkel prinsippsskisse som gjer kort greie for korleis den tekniske infrastrukturen er tenkt for å sikra ei drifts- og energieffektiv løysing.

7 Krav til innlevert materiale

Trinn 1

I trinn 1 i konkurransen er vi ute etter gode, robuste idear med utviklingspotensial for eit moderne og inkluderande bygg. Ein vil vektleggja forståing av staden og kopling til fjordlandskapet.

Heilskapleg tenking for miljø skal vera integrert del av svaret.

Innlevert materiale skal primært visa konseptuelle arkitektoniske grep for utforming av bygningsvolumet og forholdet til landskapet og situasjonen rundt. Tankar om funksjonsinndeling

og planløsning skal visast overordna. Den arkitektoniske ideen skal presenterast på maksimalt tre stk A3-plansjar med todimensjonale teikningar.

Det skal leverast

- Landskapsplan/Situasjonsplan med utomhus 1:500
- Planteikning av hovudetasjen 1:200, eventuelt andre planteikningar 1:400
- Snitt 1:200 gjennom bygg, som også syner korleis bygget er integrert i landskapet
- Perspektiv/illustrasjon som viser bygget i landskapet. Vi ynskjer i utgangspunktet ikkje fotorealisticke bilete.
- Kort skriftleg skildring som skal integrerast på plansjen. Skildringa må kort forklara formidlingssenteret i forhold til desse overskriftene og kan supplerast med forklarande diagram:
 - Arkitektonisk konsept
 - Tilhøve til omgjevnader og stadstilpassing
 - Konsept for uterom og landskap
 - Scenekunst og formidling
 - Skildring av berekraft/miljøkonsept

Alle planar skal påførast kotehøgder og målestokk, og det skal leggest inn målestav. På situasjonsplan og snitt skal eksisterande og nye koter teiknast inn. Nye koter skal ha stipla utføring. Snittliner skal markerast på planteikningane og nemnast eintydig.

Trinn 2

På grunnlag av dei innleverte konseptløyningane i prekvalifiseringa, vil ein jury velja ut inntil 3 deltakarar som får delta i plan- og designkonkurransen.

I plan- og designkonkurransen skal det leverast maksimum 6 plansjar i A1-format, i ei samla PDF-fil. Komplette konkurranseutkast skal innehalda følgjande:

- Situasjonsplan 1:1000
- Landskapsplan/Situasjonsplan 1:500 som syner korleis infrastruktur og bygning tek omsyn til landskap og omgjevnader.
- Snitt 1:200 gjennom bygg, som òg syner korleis bygget er integrert i landskapet
- Planteikningar 1:200
- Eitt konstruksjonstverrsnitt 1:50 av hovudinngang og foaje med sal og scene.
- Illustrasjon/perspektiv av senteret sin inngangssituasjon
- Illustrasjon/perspektiv av senteret i landskapet sett frå aust
- Illustrasjon/perspektiv av foaje og kafé. Vi ynskjer enkle illustrasjonar/perspektiv. Det er ikkje forventa fotorealisticke illustrasjonar/perspektiv.
- Kort prosjektskildring inkludert klimakrav.
- Arealoppsett med BRA, BTA og B/N-faktor. Det skal nyttast vedlagt arealskjema som lastast ned fra Mercell.

7.1 Vurderingskriteria

Dette programmet med tilhørende vedlegg, og eventuell utfyllende informasjon som kan bli gitt i konkurranseperioden, dannar grunnlaget for konkurransen.

Gjennom konkurransen ynskjer ein å finna fram til ei løysing som på best mogleg vis oppfyller oppdragsgjevar sine intensjonar og krav. Konkurransen har same hovudstruktur for vurderingskriteria i dei to trinna, men har noko meir utdjupande vurderingar i trinn 2 enn i trinn 1.

Løysingsforslaget vil bli evaluert etter ei heilskapsvurdering basert på fylgjande vurderingskriterium i uprioritert rekkefylgje.

Trinn 1 prekvalifisering

Vurderingskriteria for trinn 1 er overordna:

- Arkitektonisk konsept: Komposisjon av volum og form i landskapet, både nær- og fjernverknad, samspel med Fosse sitt landskap
- Overordna grep og prinsipp for planløysing
- Konsept for uterom og landskap: arealdisponering, tilkomst og logistikk, og uteopphald

Trinn 2

Vurderingskriteria for trinn 2 vil vera fylgjande:

Arkitektonisk konsept

- Arkitektonisk uttrykk, volumoppbygging, materialkonsept, lysinnslepp og kvalitetar i publikumsrom
- Arealdisponering, publikumsflyt, logistikk og fleksible sambruksmoglegheiter
- Overordna grep, gode funksjonelle og fleksible løysingar
- Reduserte klimautslepp, areal- og materialeffektive løysingar
- Energieffektive løysingar
- Sirkularitet og ombruk

Forhold til omgjevnadane og til bygda

- Bygget si tilpassing til staden
- Tilgjengelegheit
- Sosial berekraft
- Lokalklima og naturmangfald

Uterom

- Kvalitetar i uterom som møtestader og plass for aktivitetar (sol, vind, skygge)
- Tilgjenge
- Handtering av overvatn- blågrøn løysing

Gjennomførlegheit

- Gjennomførleg innanfor økonomisk forsvarlege, realistiske og nøkterne rammer

7.2 Juryen si samansetjing og mandat

Juryen er sett saman for å sikra rettast moglege vurdering av dei innleverte framlegga. Den er sett saman både av eksterne og interne medlemmer med brei fagleg kompetanse. Juryen som skal vurdere utkasta i den avgrensa plan- og designkonkurransen, vil ha dei same medlemene i trinn 1 og trinn 2. Juryen vil vera sett saman av representantar frå:

- Fossestiftinga, styreleiar Valgerd Svarstad Haugland
- Vestland fylke
- Kvam herad
- 2 oppnemnde arkitektur MNAL frå Norske arkitekters landsforbund (NAL)
- Rolla som jurysekretær vil verta ivareteke av Norske arkitekters landsforbund (NAL) ved Navn.

Juryen kan innhente andre ressursar eller kompetanse ved behov.

Mandat for juryen i trinn 1

Juryen har mandat til å velje ut 3 skisseutkast som går vidare til plan og designkonkurransen, og eventuelt gje «heiderande omtale» til andre interessante skisseutkast som ikkje kjem vidare til plan og designkonkurransen.

Mandat for juryen i trinn 2

Juryen har mandat til å avgjera konkurransen og kåra ein vinnar. I løpet av juryeringa kan forslaga bli oversende Norsk Bygganalyse eller tilsvarande for vurdering av om dei lèt seg gjennomføra innanfor realistiske økonomiske og reguleringsmessige rammer. Juryens innstilling er bindande dersom det skal forhandlast med éin vinnar. Dersom juryen kårar fleire vinnarar, vil juryens innstilling vera rådgivande.

Dersom juryen kårar éin vinnar, vil forhandlingar skje med denne vinnaren. Dersom juryen kårar fleire vinnarar, vil alle vinnarar bli inviterte til forhandlingar. Endeleg kontrakt vil bli tildelt ut frå:

- Juryen si vurdering av forslaga
- Pris for vidare arbeid.

Kriteria er oppgitte i prioritert rekkjefølge.

Etter ein første forhandlingsrunde vil oppdragsgjevar velja å gå i sluttforhandlingar med éin av vinnarane. Det krevst også at leverandøren, eventuelt i samarbeid med andre selskap, har nødvendig erfaring og kapasitet til å gjennomføra oppdraget.

8 Konkurransetekniske føresegner

Konkurransen blir arrangert som ein open plan- og designkonkurransen i samsvar med Lov og Forskrift om offentlige anskaffelser, kap. 31.

Kvalifikasjonskrav og deltakarrett

Plan- og designkonkurransen er open for arkitektar, landskapsarkitektar og tilsvarande yrkesgrupper med godkjent eksamen tilsvarande Master eller personar og firma som kan dokumentera tilsvarande kompetanse. Det blir ikkje stilt spesifikke krav til at deltakar i konkurransen har eit etablert firma. Personar eller firma som har eit nært familiært eller forretningsmessig forhold til eitt av juryens medlemmer, kan ikkje delta i konkurransen. Ved usikkerheit om dette, pliktar ein å ta forholdet opp med Norske arkitekters landsforbund (NAL) som er konkurransefunksjonær.

Kunngjering

Konkurransen er kunngjort på Doffin, MERCELL, TED og på Norske arkitekters landsforbund (NAL) sin nettside: www.arkitektur.no

Konkurransen si hovudsida

Oppdragsgjever nyttar konkurransegjennomføringsverktøyet Mercell. All kommunikasjon i kvalifikasjons- og konkurranseperioden skjer via Mercell, på den måten Mercell angir. Konkurransens hovudsida er i MERCELL. Herifrå kan alle lasta ned konkurranse dokument. For å delta i konkurransen og få fortløpande oppdateringar må ein registrera seg på konkurranse hovudsida i MERCELL. Alle oppdateringar og endringar i konkurransen skjer via konkurranse hovudsida i MERCELL.

Innlevering

Det er viktig at konkurranseutkasta er leverte i konkurranseportalen innan frist for innlevering. Etter fristens utløp blir portalen stengd. Konkurranseutkast som ikkje er leverte i portalen, blir ikkje godkjende og tekne med vidare til juryering.

Påmelding/registrering

Det er inga påmelding eller deltakargebyr i denne konkurransen. Programmet med vedlegg kan lastast ned frå konkurranse hovudsida.

Spørsmål til konkurranseprogram og vedlegg

Alle spørsmål knytte til forståing av konkurranseprogram og vedlegg skal rettast skriftleg til konkurransefunksjonær, gjennom bruk av konkurranse hovudsida. Munnlege kontaktar vil ikkje bli svara på. Siste frist for å stille spørsmål er: Sjå Konkurransens framdriftsplan. Spørsmål som kjem inn vil få svar undervegs i konkurranseperioden. Spørsmål som gjeld tekniske forhold med omsyn til innleveringa kan stillast heilt fram til innleveringsfristen.

Anonymitet i konkurransen trinn 1 og trinn 2

Konkurranseutkastet skal utarbeidast og leverast digitalt i anonymisert form, i samsvar med forskrift om offentlig anskaffelse FOA § 31-4 (3). Konkurranseutkasta skal leverast digitalt med påført motto i nedste høgre hjørne. Rekkefølge på plansjane skal vera angitt på plansjane. Konkurranseforslaget skal leverast som ein samla pdf-fil.

Presentasjonen skal berre innleverast i digital form med minimum oppløysing 300 dpi. Konkurranseutkast skal sendast inn via konkurranse hovudsida. Konkurranseutkast som er motteke vil bli handsama av konkurranse funksjonær, slik at prinsippet om anonymitet blir

ivareteke. Deltakarane er plikta til å syta for at anonymiteten deira i samsvar med respektive motto ikkje blir broten før etter at juryen har presentert si avgjerse etter fase 2. Innlevert konkurranseutkast blir berre motteke av konkurransefunksjonær og behandla strengt konfidensielt. Deltakar må vera spesielt merksam på at det digitale konkurransematerialet ikkje inneheld «digitale spor» eller anna som kan bryta anonymiteten.

Konkurransefunksjonær

Konkurransefunksjonæren er deltakarane sitt einaste kontaktpunkt til jury og oppdragsgjevar. Funksjonæren skal formidla alle innkomne spørsmål i anonymisert form til jury/ oppdragsgjevar og sjå til at svara blir formidla til deltakarmiljøet. Funksjonæren står også ansvarleg for mottak av det innleverte materialet og tilrettelegging av dette i anonymisert form for juryen. Det er deltakarane sitt ansvar å sjå til at deira anonymitet i forhold til respektive motto ikkje blir broten før juryen har presentert avgjerse si. Oppgåva som konkurransefunksjonær blir ivareteke av Norske arkitekters landsforbund (NAL) og organiserer sine roller i konkurransen på følgande måte for å sikra anonymiteten i heile prosessen:

- NAL sin konkurransefunksjonær i konkurranseperioden (spørsmål og svar): Namn Namn
- NAL sin konkurransefunksjonær med omsyn til innlevering, mottak og anonymisering av konkurranseutkasta: Namn
- NAL sin jurysekretær i juryeringsperioden: Namn

Namnesetel

Det skal ikkje leverast namnesetel i konkurransen. NALs konkurransefunksjonær med omsyn til innlevering, mottak og anonymisering av konkurranseutkasta ser i innleveringsportalen kven som har levert dei ulike forslaga. Alle utkast / team som blir premierte, vinn eller får heidrande omtale i konkurransen og skal omtalast i juryrapporten, blir kontakta for fullstendige opplysningar med omsyn til firma + medarbeidarar.

Etiske retningslinjer for konkurransen

Det kan ikkje finna stad kommunikasjon mellom konkurransedeltakarane og oppdragsgjevar/oppdragsgjevar sine tilsette i konkurranse- og juryeringsperioden på annan måte enn det som er føreskrive i konkurransegrunnlaget.

Språk

Trinn 1 og 2:

Konkurransens språk er norsk på grunn av anonymitetsprinsippet.

Prosjekt- og kontraktspråk etter tildeling av tenesteoppdrag vil vera norsk. All eventuell framtidig prosjektering (møte, referat og prosjekteringsmateriale) vil også vera på norsk.

Avvik frå konkurranseprogrammet

Utkast der det er gjort brot på anonymiteten, eller vesentlege brot på vedtak om innlevert materiale, vil bli utelukka frå bedømming. Juryen kan likevel, ved einstemmig vedtak, premiera utkast som på somme punkt avvik frå programmet, dersom juryen finn at avviket er utan vesentleg betydning, eller er klart til fordel for løysing av oppgåva.

Offentleggjing og utstilling/publisering

Offentleggjing av vinnaren av konkurransen vil finna stad: Sjå tidslinja for konkurransen. Deltakarane i konkurransen vil få nærare beskjed om offentliggjering og eventuell utstilling av konkurranseutkasta via konkurransens hovudsida. Oppdragsgjevar har rett til å stilla ut og publisera alle innleverte og aksepterte utkast. Innbyder har rett, men ikkje plikt, til å stilla ut alle utkast som er tatt opp til bedømming med namna til forfatarane og med juryens generelle og individuelle kritikk, om ikkje forfattaren klart har reservert seg mot dette. Utstilling av utkasta vil også kunne skje før, og eventuelt parallelt med, juryens arbeid. Konkurransens vinnarprosjekt, dei 3 utvalde utkasta til trinn 2 og prosjekt med heidra Namn konkurranse/oppdragsgjevar omtale vil bli publiserte gjennom NALs utgiving av NAK, «Norske Arkitektkonkurranser» og på oppdragsgjevar sine egne kanalar.

Juryens rapport

Juryens arbeid vil bli presentert i ein rapport som skal publiserast på konkurransens hovudsida og www.arkitektur.no kort tid etter at konkurranseresultatet er offentliggjort.

Rapporten skal innehalde:

- Ein generell kritikk som gjer greie for juryens samla vurderingar og konklusjonar
- Ei individuell vurdering av dei 3 utvalde prosjekta som går vidare til konkurransens trinn 2 i forhold til vurderingsskriteria og kort skildring av eventuelle utkast som får heidrande omtale.
- Grunngeving for val av dei 3 utkasta som går vidare til trinn 2.
- Juryens råd til vidare arbeid med vinnarutkastet.

Oppdrag etter konkurransen

Fossesenteret på Tangerås er enno ikkje finansiert og er avhengig av offentlege midlar. Utan offentlig finansiering kan prosjektet bli kansellert eller endra. Oppdragsgjevar jobbar aktivt med finansieringa, og vinnarprosjektet/vinnarteamet vil bli nytta i den vidare prosessen.

Oppdragsgjevar vil inngå ein tenestekontrakt med vinnar av konkurransen om å utarbeida eit forprosjekt for Fossesenteret på Tangerås. Tenestekontrakten vil basera seg på ein av desse standardane: NS 8401 eller NS 8402.

Det er førebels ikkje tatt stilling til kontraktstrategi/entrepriseform i dette prosjektet. Arkitekten kan bli tiltransportert entreprenør etter forprosjekt avhengig av val av kontraktstrategi.

Opphavsrett, eigedomsrett og nytterett

Forslagsstillar har opphavsrett til eige forslag. Oppdragsgjevar har eigedomsrett til innlevert materiale og har høve til å nytta delelement frå alle dei 3 utvalde utkasta i trinn 2 til gjennomføring av prosjektet, under føresetnad av at vinnaren eller ein av vinnarane blir tildelt prosjekteringsoppdraget.

Godkjenning og ansvar for utforminga av konkurranseprogrammet

Konkurranseprogrammet med vedlegg er utarbeidd av Fossestiftinga og konkurransesekretariatet i Norske arkitekters landsforbund (NAL). Ved innlevering av konkurranseutkast har deltakaren akseptert programmet og vilkåra for konkurransen.

Avlysing av konkurransen

Konkurransen kan avlysast dersom det ligg føre ein sakleg grunn. Eksempel på sakleg grunn for avlysing kan vera at finansiering blir endra eller fell bort, at prosjektet viser seg meir kostbart å gjennomføra enn økonomien tillèt.

Forsikring

Forslaga blir ikkje forsikra. Det er føresett av forslagsstillar oppbevarer originalar av løysningsforslag.

Vedlegg til konkurransen.

Vedlegg til konkurransen kan lastast ned frå hovudsida til konkurransen.